

God påmelding til Bøkkervelden.

14.06.2015



Det vert topp jazzmusikk også i år. Frå i fjar er Are Ovesen t.h. erstatta av saksofonisten Ole Jakob Hystad.

Lørdag er det klart for den årvisse Bøkkervelden på Rød. Påmeldinga i år har vore svært god. Det er framleis plass til fleire, men for å sikra seg plass kan det no vera lurt å vera rask i snuen! Det byrjar å fyllast opp, og vi kjenner til påmeldingar frå Trondheim i nord til Sandnes i sør, og frå Oslo i aust.

Som vanleg er det eit tradisjonsrikt program der lubbesilda og jazzmusikk av svært høg kvalitet er sentral. Som alltid sit Kjell Borge Olsen bak trommesettet, og han har med seg topp jazzmusikarar. Kvintetten er elles som i fjar med eitt unnatak. I fjar var den eminente trumpetisten Are Ovesen med i bandet. I år vert han erstatta av ein annan storleik i norsk jazz: saksofonisten Ole Jakob Hystad. Elles trakterer Leif Henrik Borge Olsen gitar, Alex Grieg kontrabass og Bjarne Øymyr tangentar, i år som i fjar. Med dette mannskapet vert det garantert høybar, publikumsvennleg og svingande musikk. Med den ramma som bøkkervekstaden gjev vert dette ei flott og stemningsfull oppleveling.

I tillegg til jazzmusikk og lubbesild og poteta, vert det som vanleg mottaking på kaien, kåseri og kystkultur. Kristian Bringedal seier at det framleis er plass til mellom 10 og 20 personar, og dei som ønskjer å vera med, må mælda seg på til han på mobil 915 31 487 eller epost kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen